



**PRISAR OG VILKÅR
FOR BRUK AV
BREMANGER
KOMMUNE SITT
SJØOMRÅDE I 2021**

Vedtatt i Bremanger kommunestyre 17.12.2020.

DEL 1 – Farvassavgift

1. Innleiande bestemmelsar

Hjemmel

Lov 21. juni 2019 nr. 70 om hamner- og farvatn § 36 seier at kommunen i forskrift kan bestemme at det for fartøy som anløper hamn i kommunen, skal betalast farvassavgift til kommunen.

Sjøområdet og avgiftsdekning

Bremanger kommune sitt sjøområde omfattar sjøområdet innanfor linjer trekt 1 nautisk mil utanfor grunnlinje til grense mot Kinn kommune i nord og Kinn kommune i vest.

Farvassavgifta ileggas farty og er fartyet si betaling for bruk av farvatn; sjøareal og innretningar og tiltak som kan lette fartøyets ferdsel.

Ikrafttredelse

Forskrift om farvassavgift for Bremanger kommune vart vedteke i kommunestyret 17.12.2020.

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2021.

2. Opplysningsplikt, ansvarsforhold m.m.

Opplysningsplikt

Bremanger hamn kan krevje kopi av dokumentasjon for å kunne oppfylle offentlege statistikkkrav eller for å kunne kontrollere berekning av Bremanger hamn sine krav etter denne forskrifta. Hamnebrukarar og private kai eigarar plikter å gi Bremanger hamn dei opplysningar som er nødvendig for å berekne og innkrevje avgift og vederlag.

3. Farvassavgift

Berekningsgrunnlag

Farvassavgifta blir berekna etter fartyets bruttotonnasje (BT) i henhold til Den internasjonale konvensjon om måling av farty av 23. juni 1969. For fartya med størst lengde over 15 meter som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, fastset Bremanger hamn fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Farvassavgift betalast ein gong per anløp. Ved gjentatt anløp innanfor eit og same døger, bereknast avgifta kun ein gong per døger. Alle oppgitte satsar er eksklusiv meirverdiavgift.

Fritak for farvassavgifta

Føljande farty er fritakne for farvassavgifta

- Farty som passerer sjøområdet utan å anløpe hamna
- Farty som anløper hamna på grunn av skade eller naudtilhøve
- Bergingsfarty og isbrytar under utføring av berging og isbryting
- Orlogsfarty, så vel norske som utanlandske
- Kystverkets farty i samband med arbeid i farvatnet
- Ikkje målepliktige farty med største lengd under 15 meter

DEL 2 - Prisliste

Lovregulert avgift

Farvassavgifta er betaling for bruk av farleia i Bremanger kommune sitt sjøområde. Kommunen kan i forskrift bestemme at det skal betales farvannsavgift for fartøy som anløper havn og innretninger for drift av akvakulturanlegg i kommunens sjøområde.

Bremanger hamn brukar fartøyets bruttotonnasje som berekningsgrunnlag for størrelsen på farvassavgifta. Dersom fartøyets BT ikkje framgår av målebrevet, blir denne fastsett av hamneadministrasjonen basert på berekning av BT for tilsvarende fartøy.

Alle farty som anløper hamneområdet betale farvassavgift etter følgjande satsa, per anløp:

Kr 0,30 / Brutto tonn. Minsteavgift er kr 200,-

Bruk av hamnas infrastruktur

Kai vederlag

Farty som nyttar offentlige kaier betaler kai vederlag etter følgjande satsar:

- Av dei fyrste 300 BT - 69 øre pr. tonn pr. døgn.
- Av dei neste 300 BT - 69 øre pr. tonn pr. døgn.
- Av dei neste 600 BT - 62 øre pr. tonn pr. døgn.
- Av dei neste 800 BT - 62 øre pr. tonn pr. døgn.
- Av dei neste 1000 BT - 62 øre pr. tonn pr. døgn.
- Av dei neste 2000 BT - 62 øre pr. tonn pr. døgn.
- Av dei neste 5000 BT - 61 øre pr. tonn pr. døgn.
- For alt over 10000 BT - 60 øre pr. tonn pr. døgn.

Minste beløp er kr. 500,00

Liggetida vert rekna frå fartøyet legg til kai og inntil det går frå kai. Del av døgn på 6 timar eller mindre vert rekna for 1/2 døgn. Det vert likevel alltid betalt kai vederlag for minst eit døgn.

For farty som etter ordre frå hamnemyndigheitene må forhale frå kaia for å gje plass for anna farty, og deretter legg til kai igjen, vert liggetida rekna som om fartyet heile tida hadde lege ved kaia.

Skifter eit farty frå ein plass ved offentlege kaier til ein annan utan i mellomtida å ha vore utanfor sjøområdet sine grenser, blir liggetida å rekne som om fartyet hadde lege ved kaia uavbrote.

Eit farty som fortøyer på utsida av eit anna farty som ligg ved kai, skal enten det lossar/ lastar gods eller passasjerar, eller berre ligg utan å gjennomføre arbeidsoppgåver, betale kai vederlag som om fartyet var fortøygd til kaia.

Farty som ligg oppankra i hamnebassenget skal betale kai vederlag som om det hadde lege ved kai.

Det kan fastsettast månadsavgift etter avtale med hamneadministrasjonen

Av konkurranseomsyn kan hamneadministrasjonen fråvike gjeldande satsar.

Fritekne for kaiavgifta:

- Orlogsfartøy, både norske og utanlandske.

- Alle farty, anten det er friteke for kai vederlag eller ikkje, er forplikta til å ta den plass som blir tilvist av hamneadministrasjonen. Om nødvendig kan hamneadministrasjonen beordre forhaling av fartyet.

Varevederlag

- Varevederlag gjeld for alle varer som vert frakta med skip til eller frå hamna, og som vert ført over kommunale kaier.
- Varer som kjem til hamna i transitt og vert vidaresendt med farty eller køyretøy, skal belastast med varevederlag på kr. 15,00 pr. tonn (ein gong) ved lossing.
- Generelt skal varevederlaget berre kunne belastast ein gong for same vare innan Bremanger kommune sitt sjøområde.
- Varevederlag på gods som vert overført frå eit farty til eit anna utan å passere kaia, vert ikkje kravd med meir enn ein tredjedel. Eitt av fartya må ligge til kai.
- Varevederlag dekkjer lagring av varer på kai, areal eller innretning inntil 48 timar etter ferdig utlossing av skip eller inntil 48 timar før lastinga av skipet tek til.
- Varevederlag for inngåande varer kvilar på varemottak. Varevederlag for utgåande varer kviler på vare avsendar. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for at varevederlaget vert lagt på transportøren dersom vederlaget vert rekna inn i frakta.
- Fritekne for vareavgift er:
 - Passasjerar sin bagasje
 - proviant, kol, olje og naudsynte varer som er naudsynt til fartøyet sitt eige behov.

Vognvederlag sjøuavhengig

Vognvederlag er betaling for transport over havnens arealer og kaier av gods som ikke belastes varevederlag (sjøuavhengig gods). Samme satser og regler som bestemt for varevederlag.

Varevederlag skal innkrevas etter fylgjande regulativ:

Vederlag for alle varer, med unntak av dei som er nemnde nedanfor, er kr 15,00 pr. tonn for vektvarer og kr 15,00 pr. tonn for volumvarer (2 m³ = 1 tonn.)

Varegruppe	Vareavgift i kr. pr. tonn
• Poteter, salt, korn, mjøl og gjødsel i sekkar	kr 15,-
• Sand, singel, asfalt, sement og dyrefor	kr. 15,-
• Person- og varebilar	kr. 65,-
• Lastebilar, bussar og anleggsmaskiner samt chassis	kr. 185,-
• Landbrukstraktorar	kr. 120,-
• Robåtar og joller	kr. 120,-
• Passbåtar og lettåtar	kr. 180,-
• Cabin cruisar og sjarkar	kr. 240,-

Hamneadministrasjonen avgjer i tvilstilfelle kva slags varegruppe dei enkelte varene høyrer til.

Minste beløp for alle sendingar er kr. 500,-.

Av konkurranseomsyn kan hamneadministrasjonen fråvike gjeldande satsar.

Oppkrevjings avgjersler:

- Grunnlaget for innbetaling av varevederlag i Bremanger kommune sitt sjøområde, er opplysningar frå agent / ekspeditør / speditør. Desse pliktar kvar veke å sende ei oversikt over lasta og lossa godsmengde til hamneadministrasjonen. Innrapporteringa gjelder også antall og type lastebærara. Hamneadministrasjonen fakturerer den berekna varevederlaget til kvar enkelt agent / ekspeditør / speditør / vareeigar på basis av desse opplysningane.
- Agent/ekspeditør/speditør vert gjeve 10 % provisjon av det oppkravde beløpet for denne rapporteringstenesta. Jf. § 16 i forskrift av 2. desember 1994.
- Hamneadministrasjonen føretek innkrevjing av varevederlag for last frå skip som ikkje har agent / ekspeditør.
- Om det vert forlangt av hamneadministrasjonen, må skipet sin ekspeditør (meklar) - eventuelt førar som sjølv ekspederer sitt skip - oversende kopi av manifest eller oversikt over varer med oppgåve over mål, vekt og hverande mottakar eller avsendar.
- Fartyet sin ekspeditør - eventuelt førar som sjølv ekspederer sitt fartøy - må ikkje utan tvingande nødvendighet ekspedere avgiftspliktig vare før varevederlaget er betalt. I motsatt fall kan han gjerast ansvarlig for avgiftsbeløpet.
- Hamneadministrasjonen forbehold seg retten til å gjere stikkprøver og kontroll hos agent / ekspeditørane / meklarane og kan krevje å få førelagt det materiale og dokumentasjonen som ein finn naudsynt.

Vederlag for overliggjande vare

- Vare som kjem sjøvegen og som ikkje skal vidaresendast sjøvegen:
- kr. 15,- pr. m² pr. på begynt døger.
- Varer som kjem til hamna for vidare forsending sjøvegen:
- kr. 15,- pr. m² pr. på begynt døger.
- Varer må berre leggest på dei stadane som hamneoppsynet anviser. Dei må hurtigast muleg bringast bort med mindre hamneoppsynet finn å kunne tillate at dei blir liggande.
- Varer som er lagra utan hamneadministrasjonen sitt samtykke, eller som blir liggande lenger enn tillate, kan fjernast og lagrast for vedkommande mottakar eller avsendar si rekning. Blir slike varer ikkje henta innan 9 månader, kan hamneadministrasjonen selje dei ved offentlig auksjon etter vanlig kunnjing.
- Varer som ikkje gjev sikkerheit for omkostningar som kjem til eller som er lett bedervelige eller som kan vere årsak til skade, kan hamneadministrasjonen selje før utløpet av 9 månader, eller destruere om det vert funne naudsynt.
- Om hamneadministrasjonen finn det påkravd å utbetre emballasje eller foreta om pakking, kan dette gjerast mot refusjon av utgiftene.
- Hamneadministrasjonen er heilt utan ansvar for varer som er lagra på kommunale kai område.
- Tomgods, pallar, containerar, emballasje og liknande må ikkje oppbevarast på kaiene eller på kai-området. Om så skjer kan dette fjernast av hamneadministrasjonen utan at godset seinare kan krevjast tilbake, eller at erstatningskrav i nokon form kan gjerast gjeldande mot hamnemyndighetene.

Vederlag fortøyning til kai

Tonnasje	Intervall	Fortøyning/lauskast
For dei første	0 – 10 000	Kr 6 000,- ingen fortøyningsbåt*
For dei neste	10 001 – 30 000	Kr 8 000,- ingen fortøyningsbåt*
For dei neste	30 001 – 50 000	Kr 12 000,- ingen fortøyningsbåt*
For dei neste	50 001 -	Kr 20 000,- ingen fortøyningsbåt*

**Bremanger hamn har ikkje eigen fortøyningsbåt.*

Vederlag for opplag av container

- For 20 fots container vert det kravd inn pr. på begynt døger med kr 200,-.
- For 40 fots container vert det kravd inn pr. på begynt døger med kr 400,-.

Vederlaget gjeld for tida frå containeren kjem fram til og til den igjen forlèt kaia. Forpliktinga kviler på containeren sin eigar eller den som representerer eigar. Det vert fakturert ved utskipping, men er ikkje til hinder for at ein kan inngå andre avtalar.

For langtidsleige av lagringsareal for container kan hamneadministrasjonen inngå eigne avtalar.

Hamneadministrasjonen vert gjevne fullmakt til å tilpasse leigebeløpet for terminal i ISPS-område.

Container skal plasserast på anvist plass.

Vederlag for boreriggjar, kranskip og spesialfarty

Spesialprisar for boreriggjar, kranskip, og andre spesialfarty er som følgjer:

- Farty av ovanfor nemnde type som vert ankra opp for opplag i havnedistriktet betaler kr. 1500,- pr.påbegynt døger. Oppjekkbare riggar skal betale kr. 1.700,-. Likevel skal det alltid betalast for minimum 10 døger.
- For lekter og andre spesialfarty som ikkje lossar/ laster, og som skal ligge i eit lengre tidsrom, kan det avtalast spesiell kaiavgift for kvart enkelt tilhøve.

Satsane kan fråvikast av hamneadministrasjonen dersom konkurransemessige eller andre omsyn skulle tilseie det.

Særskilde bestemningar:

- Vert ankerbøye nytta, skal desse vere av godkjend type og farge, og vere forsynt med blinklys og radarreflektor.
- Ingen av dei nemnde fartøya må ankra opp, plasserast i fjorden eller anløpe hamna utan etter spesialavtale og etter at alle sikkerhetsdetaljar er klarert med hamnemyndighetene.
- Hamnemyndighetene kan gje forbod mot opning av mannlokk og andre luker i pontongar og skaft så lenge fartyet ligg i hamna. Om opning er naudsynt, skal representantar frå klassifikasjonsselskap eller offentleg myndigheit vere til stades.

Passasjervederlag

Det bereknast passasjervederlag for på og av stigande passasjerar som brukar hurtigbåtterminalen ved Smørhamn og Leirgulen. Avgifta er lik for alle typar passasjerar (vaksne, born, honnør, månadskort etc.).

Passasjeravgifta er kr 8,- pr. passasjer.

Vatn til skipsbruk og andre tenester

Ved levering av vatn til farty m.v. skal det betalast med kr. 15,00 pr. tonn/m³ ekskl. MVA.

I tillegg vert arbeidslønskostnadar rekna pr. time etter følgjande satsar:

- | | | |
|-------------------------|-----|-----------------|
| • Dagtid:..... | Kr | 500,- pr. time |
| • Overtid: + 50 %..... | Kr. | 800,- pr. time |
| • Overtid: + 100 %..... | Kr. | 1150,- pr. time |
| • Overtid: + 133 %..... | Kr. | 1350,- pr. time |

Minstetakst er to (2) timar.

Dei same timesatsane gjeld ved utleige av personell. Ved eventuell. prisauke på vatn og eventuell. lønsauke, vil prisane automatisk bli justert.

Norske skip skal betale meirverdiavgift, medan utanlandske skip er fritekne for meirverdiavgift.

Sal av straum

- Det skal betalast kr. 2,00 pr. kWh. ekskl. MVA for straum levert frå transportabelt transformatorskap.
- I tillegg vert det innkravd kr 200,- for til- / frå kopling, til saman kr 400,-.

Ved eventuell. prisauke frå straumleverandør, vil prisen bli justert tilsvarande.

Norske skip skal betale meirverdiavgift, medan utanlandske skip er fritekne for meirverdiavgift.

Minstetakst for kvar levering er kr 400,- ekskl. MVA.

Langtidslagring og bruk av hamneareal

Ute lagring på og bruk av hamneareal vert å betale med kr. 15,- pr. m². pr. på begynt månad på fast dekke.

Hamneadministrasjonen vert gjeven fullmakt til å tilpasse leigebeløpet for terminalområder godkjent av Kystdirektotatet / IMO.

Hamneadministrasjonen anviser plass for langtidslagring.

Vederlag for kjøyrety / Terminalvederlag

Gjeld for lastebilar, trailer og laushengarar som kjem til/ går ut frå kommunal hamn - uavhengig av skipsfart til/frå same hamn - og som nyttar seg av lagerhus, kai areal og/eller terminaltenester i kommunal hamn.

- Kjøyrety som lastar eller lossar på kai området tilhørande Bremanger kommune betalar kr. 300,- pr. eining pr. gong. Prisen er inkl. MVA. Bil med tilhengar er to einingar og skal belastast tilsvarande.
- Ved gjentatt laste- / losseoperasjonar på same terminal, vert det rekna vederlag berre ein gong dagleg for same eining.
- Tal på einingar skal innrapporterast til hamneadministrasjonen kvar veke. Hamneadministrasjonen fakturerer det berekna leigebeløpet til kvar enkel agent/ ekspeditør/ speditør/ lastebileigar.

- For varer som vert lasta eller lossa til/ frå lastebil utan å passere kai kanten, skal det betalast eit vederlag til Bremanger kommune på kr 15,00 pr. tonn. Dersom varen kjem til eller forlet kommunal kai med farty og vert belasta med vareavgift, vert varen_friteken for vederlag etter dette punktet.
- Varer lasta frå fryseterminal/lagerbygg
- Kjørety som vert parkert på hamna sine kaier eller areal utan at det er inngått avtale med hamneadministrasjonen, betaler kr 150,- pr. døger i vederlag.

Hamnesikring

Hamnestyret har innført eit vederlag for å dekke kostnader i samband med ISPS.

ISPS-gebyret vert kravd inn ved bruk av kommunale ISPS-hamner og for 2020 sett til eit gebyr på kr 1100,00 pr. anløp for alle skip i utanriks fart og med bruttotonnasje over 500 BT.

Renovasjon

I samband med Miljøverndepartementet si føreskrift 2003-10-12 nr 1243 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip, er det utarbeidd særskilte avfallsplanar og gebyrordningar. Ref. "Avfallsplan for Bremanger kommune sitt sjøområde".

Det vert i 2021 kravd inn ein generell "no special fee" avgift på 50 øre / BT.

Sakshandsamingsgebyr

Til dekning av kommunen sine naudsynte kostnader knytt til handsaming av søknad om løyve etter Lov om hamner og farvatn § 6 og §8 og føreskrifter gjeve i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

- Saksbehandlingsgebyr, tiltak utan synfaring kr 2 000 pr. søknad.
- Saksbehandlingsgebyr, tiltak med synfaring kr 4 000 pr. søknad.

KONTAKTINFORMASJON :

Bremanger Hamn

Postboks 104
6721 Svelgen

Tlf.: 57796300

Vakt : 99439290